



Stortingsrepresentant Thor Myklebust midt i biletet. Foto frå programmet.

**I eit NRK program om Sametinget 25 år i kveld, fekk vi sjå ein liten snutt av stortingsmann Thor Myklebust frå Uskedalen. Thor Myklebust som budde på Sanden, vart vald inn på Stortinget i 1965 for partiet Venstre, og han sat på Stortinget i 2 periodar.**

Opptaket som vart vist i kveld var frå 1970, og bakgrunnen for det var saka om utbygging av Alta - Kautokeino vassdraget på 1970 talet.

Det var store folkeaksjonar mot utbygginga, og medlemmer frå Kommunalkomiteen på Stortinget møtte demonstrantane i Masi. Thor Myklebust var representant for Venstre på Stortinget fram til splittinga av partiet i 1972. Då gjekk han inn i Det Nye Folkepartiet, og frå 1973 var han 1.varamann for dette partiet til Stortinget.

Før og etter Stortingstida var Thor journalist i Bergens Tidende med oppgåva som politisk kommentator.

Dei som vil sjå opptaket, kan klikke på denne lenkja <http://tv.nrk.no/program/SAPR67002114/de-foerste-skritt-sametinget-gjennom-25-aar> og sjå 3 minutt og 50 sekund uti programmet.

Thor Myklebust døydde 11. januar 1989 vel 80 år gammal.

Meir utfyllande informasjon om Thor Myklebust kjem vi attende til.

Tekst: Kristian Olav Bringedal/ Thor Inge Døsland  
Foto og nett: Thor Inge Døsland